



**Solund kommune**

## Innkalling

---

|                  |            |
|------------------|------------|
| <b>Utval:</b>    | VALNEMND   |
| <b>Møtestad:</b> | Møterommet |
| <b>Dato:</b>     | 28.11.2019 |
| <b>Tid:</b>      | Kl. 09:00  |

---

*Valnemnda i Solund vert med dette kalla inn til møte.*

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post [post@solund.kommune.no](mailto:post@solund.kommune.no) slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til valnemnda møter etter nærare innkalling.  
Innkalling med sakspapir er sendt til representantane i kommunestyret.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

**Solund kommune**  
18.11.2019

Gunn Åmdal Mongstad  
-ordfører-

---

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                                                                                     |  |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| 001/19  | Val av representantar og vararepresentantar til samarbeidsutval Solund barnehage perioden 2019-2023            |  |
| 002/19  | Val av representant og vararepresentantar til samarbeidsutval Solund barne- og ungdomsskule perioden 2019-2023 |  |
| 003/19  | Val av medlemmar og varamedlemmar til Solund Ungdomsråd for perioden 2019-2021                                 |  |
| 004/19  | Val av representantar og vararepresentantar til Solund eldreråd og råd for funksjonshemma perioden 2019-2023   |  |
| 005/19  | Val av kommunal representant og vararepresentant Solund sokneråd 2019-2023                                     |  |
| 006/19  | Val av representantar kommunalt trafikktryggleiksutval perioden 2019-2023                                      |  |
| 007/19  | Val av barnerepresentant i Solund kommune perioden 2019-2023                                                   |  |
| 008/19  | Val av representantar og vararepresentantar til styret i Solund frivilligsentral perioden 2019-2023            |  |
| 009/19  | Val av representant og vararepresentant til styret i SEKOM sekretariat perioden 2019-2023                      |  |
| 010/19  | Val av representantar og vararepresentant sakkunnig Takstnemnd eigedomsskattesaker perioden 2019-2023          |  |
| 011/19  | Val av representantar og vararepresentant Klagenemnd eigedomsskattesaker perioden 2019-2023                    |  |
| 012/19  | Val av representant og vararepresentant til Oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar perioden 2019 - 2023   |  |
| 013/19  | Val av fullmektigar forliksråd perioden 2019-2023                                                              |  |
| 014/19  | Val av jurymedlem Solundprisen perioden 2019-2023                                                              |  |
| 015/19  | Val av representantar Heimevernsmnd perioden 2019-2023                                                         |  |
| 016/19  | Val av representantar og vararepresentant til styret i Fjordane friluftsråd perioden 2019-2023                 |  |
| 017/19  | Val av representant og vararepresentant til generalforsamling BKK AS perioden 2019 - 2023                      |  |
| 018/19  | Val av representantar og vararepresentantar til NGIR sitt representantskap perioden 2019-2023                  |  |
| 019/19  | Val av representant og vararepresentant til årsmøte IUA Bergen region perioden 2019-2023                       |  |



Arkiv: K1-033, K2-A10, K3-&15  
ArkivsakID: 19/617  
JournalpostID: 19/3258  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 001/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av representantar og vararepresentantar til samarbeidsutval Solund barnehage perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse representantane og vararepresentantane til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage for perioden 2019-2023:

1. XXX
2. XXX

Vararepresentantar i rekkefølge:

1. XXX
2. XXX

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Barnehageloven § 4

### Kva saka gjeld:

Val av 2 representantar og 2 vararepresentantar til samarbeidsutvalet ved Solund barnehage.

### Saksutgreiing:

#### Barnehageloven § 4, 3. ledd

*«Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.»*

Sist valde kommunestyret Irene Sanden og Anita Lien Einen som representantar,

med Jan Kåre Nessen og Rune Pollen som vara.

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde



Arkiv: K1-033, K2-A20, K3-&15  
ArkivsakID: 19/618  
JournalpostID: 19/3262  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 002/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representant og vararepresentantar til samarbeidsutval Solund barne- og ungdomsskule perioden 2019-2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX  
som representant i samarbeidsutvalet ved Solund barne- og ungdomsskule for perioden  
2019-2023.

Vararepresentantar i rekkefølge:

1. XXX
2. XXX

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Opplæringslova § 11-1

#### Kva saka gjeld:

Val av representant og 2 vararepresentantar til samarbeidsutval Solund barne- og ungdomsskule.

#### Saksutgreiing:

##### Opplæringslova § 11-1, 1. og 2. ledd.

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.*

*Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.*

Sist valde kommunestyret Vigdis Ravnøy som representant, med Linne Lending og Finn Ytrøy som vara.

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde



Arkiv: K1-033  
ArkivsakID: 19/636  
JournalpostID: 19/3324  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 18.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 003/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av medlemmar og varamedlemmar til Solund Ungdomsråd for perioden 2019-2021

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel følgjande personer som medlemmar og varamedlemmar til Solund Ungdomsråd for perioden 2019-2021:

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommuneloven § 5-12

Forskrift om medvirkningsordninger

### Kva saka gjeld:

Val av medlemmar og varamedlemmar til Solund Ungdomsråd for perioden 2019-2021

### Saksutgreiing:

#### Kommuneloven § 5-12

*Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.*

(...)

*Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.*

*Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder*

*henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.*

**Forskrift om medvirkningsordninger § 3, 1. til 3. ledd**

*Kommunestyret og fylkestinget vedtar sammensetningen av eldrerådet, rådet for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom. De bestemmer også hvor mange medlemmer og varamedlemmer rådene skal ha.*

*Organisasjoner som representerer henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom har rett til å fremme forslag om medlemmer til det rådet som representerer deres interesser.*

*Rådene velger selv sin leder og nestleder blant medlemmene.*

Valperioden for ungdomsrådet er på 2 år.

Sist var disse valde:

Hanne Mjåtveit

Mari Bahun

Kristin Lambrechts Hatlem

Even Bjørøy

Mia Einen Paulsen

Med varamedlemmar i rekkefølge:

David Lending

Jonas Eide Avedal

Kayana Sivapalan

Thiviyaa Sivapalan

Marita Haustveit Kronstad

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde



Arkiv: K1-033, K3-  
&70, K3-&75  
ArkivsakID: 19/530  
JournalpostID: 19/3266  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 004/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av representantar og vararepresentantar til Solund eldreråd og råd for funksjonshemma perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel følgjande til representantar og vararepresentantar i felles eldreråd og råd for funksjonshemma for perioden 2019-2023:

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommuneloven § 5-12

Forskrift om medvirkningsordninger

### Kva saka gjeld:

Val av representantar og vararepresentantar til felles eldreråd og råd for funksjonshemma for perioden 2019-2023.

### Saksutgreiing:

#### Utt drag frå kommuneloven § 5-12

*«Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.*

*Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.*

(...)

*Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.»*

### Forskrift om medvirkningsordninger § 3, 1. til 3. ledd

*Kommunestyret og fylkestinget vedtar sammensetningen av eldrerådet, rådet for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom. De bestemmer også hvor mange medlemmer og varamedlemmer rådene skal ha.*

*Organisasjoner som representerer henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom har rett til å fremme forslag om medlemmer til det rådet som representerer deres interesser.*

*Rådene velger selv sin leder og nestleder blant medlemmene.*

#### **Forskrift om medvirkningsordninger § 4, 1. ledd**

*Kommunen eller fylkeskommunen kan opprette ett felles råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse dersom det ut i fra lokale forhold er nødvendig.*

Det er kommunestyret som bestemmer tal på representantar i rådet. I førre periode var det 5 medlemmar og 5 varamedlemmar.

Solund Pensjonistlag er bedt om å komme med forslag om medlemmar, med frist 25. november.

Sist valde ein:

1. Rolv Bjørgo
2. Signy Ytrøy
3. Arne L. Osland
4. Synnøve Solhaugen Engen
5. Sølvi Songstad Waage

Med vara i rekkefølje:

1. Jorunn Ravnøy
2. Tove R. P. Strand
3. Arne Lending
4. Otto Einen
5. Hallstein Steinsund

Leiar: Rolv Bjørgo  
Nestleiar: Synnøve Solhaugen Engen

Etter innføring av forskrift om medvirkningsordninger skal kommunestyret ikkje lenger velje leiar og nestleiar til felles eldreråd og råd for funksjonshemma. Dette vel rådet sjølv.

#### **Vurdering:**

#### **Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde  
Solund Pensjonistlag v/Steinar Krakhellen



Arkiv: K1-033, K2-C84, K3-&15  
ArkivsakID: 19/589  
JournalpostID: 19/3243  
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen  
Dato: 11.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 005/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av kommunal representant og vararepresentant Solund sokneråd 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX til kommunal representant i Solund Sokneråd for perioden 2019-2023. XXX vert vald til vararepresentant.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### Kva saka gjeld:

Val av kommunal representant og vararepresentant til Solund sokneråd.

#### Saksutgreiing:

##### Kirkeloven § 6, 2. ledd til 4. ledd

*«I kommuner med bare ett sokn, velger kommunen et medlem og varamedlem til menighetsrådet som tiltrer rådet når dette behandler saker som i kommuner med flere sokn tilligger kirkelig fellesråd. Dette medlem kommer i tillegg til de som velges etter første ledd.*

*Valgbar til menighetsråd og pliktig til å ta imot valg, er den som har rett til å stemme ved valget og som senest i det år det stemmes vil ha fylt 18 år.*

*Rett til å kreve seg fritatt for valg til menighetsråd har den som har fylt 65 år før valgperioden tar til, den som har gjort tjeneste som medlem av menighetsrådet de siste fire år og den som påberoper seg hindring som menighetsrådet godkjenner.»*

Sist valde kommunestyret Anne Marie Gåsvær Færøy som representant, med Anne

Grethe Furrevik som vararepresentant.

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde  
Solund sokneråd



Arkiv: K1-033, K2-Q80, K3-&15  
ArkivsakID: 19/620  
JournalpostID: 19/3267  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 006/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av representantar kommunalt trafikktryggleiksutval perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse representantane og vararepresentantane til kommunalt trafikktryggleiksutval for perioden 2019-2023:

1. XXX
2. XXX
3. XXX

Vararepresentantar i rekkefølge:

1. XXX
2. XXX
3. XXX

Leiar: XXX  
Nestleiar: XXX

Lensmannskontoret nemner opp ein representant.  
Administrasjonssjefen nemner opp ein frå administrasjonen.  
Administrasjonssjefen fastset sekretariatsfunksjonen.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### Kva saka gjeld:

Val av kommunalt trafikktryggleiksutval.

**Saksutgreiing:**

Dei politisk valde treng ikkje alle vere medlemmer av kommunestyret, men det bør vere representasjon frå formannskapet/kommunestyret.

I tillegg til dei nemnde 3 skal administrasjonssjefen nemne opp ein frå administrasjonen og lensmannskontoret skal ha ein representant i nemnda.

Sist valde kommunestyret desse representantane:

1. Sigve Lerpold
2. Jan Kåre Nessen
3. Heidi Sanden

Vararepresentantar i rekkefølge:

1. Kjetil Trovåg Sundal
2. Gunnar Furrevik Steinsund
3. Magdalena Piwinska

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde



Arkiv: K1-033, K2-L00, K3-&76  
ArkivsakID: 19/621  
JournalpostID: 19/3268  
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 007/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av barnerepresentant i Solund kommune perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune vel XXX som barnerepresentant i Solund kommune i perioden 2019-2023. Barnerepresentanten skal ivareta barn og unge sine interesser i høve plan- og bygningslova og rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Som vararepresentant vert vald XXX.

Representanten skal kallast inn når plansaker skal handsamast og har møte- og talerett i møtet.

Barnerepresentanten har leiar for Plan- og utvikling som sin kontakt i administrasjonen. Val av barnerepresentant som skal ivareta barn og unge sine interesser i areal- og planarbeid.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningsloven

### Kva saka gjeld:

Val av barnerepresentant med vara for å sikre barneinteresser i areal- og plansaker.

### Saksutgreiing:

#### Plan- og bygningsloven § 3-3. 3. ledd

*Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen.*

I Solund har dette vore ivaretatt av ein barnerepresentant. Barnerepresentanten skal delta i kommunen sitt faste planutval for å sikre at barn og unge sine interesser vert

ivareteke i arealplanlegginga, m.a. leike- og opphaldsareal, barnehageplanlegging, skuleveg m.v. Representanten skal ikkje vere eit generelt barneombod, den skal konsentrere arbeidet om barn og unge sine interesser i arealplanlegging. Barnerepresentanten kan ta t.d. initiativ for å engasjere barn og unge i dette arbeidet.

Den som vert vald bør ha innsikt i:  
lovverk og planprosessar, spesielt plan og bygningslova  
barn og unge sine interesser i høve arealplanlegging

Det bør leggjast meir vekt på den barnefaglege kompetansen enn plankompetanse ved val av representant. Det er frå sentralt hald utarbeidd ein instruktiv og rikhaldig veileidar som representanten kan forhalde seg til.

Sist valde kommunestyret Kari Einen med Roar Moe som vararepresentant.

### **Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**  
Dei valde



Arkiv: K1-033, K2-F08, K3-&15  
ArkivsakID: 19/603  
JournalpostID: 19/3261  
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen  
Dato: 12.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 008/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av representantar og vararepresentantar til styret i Solund frivilligsentral perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse som representantar til styret for frivilligsentralen for perioden 2019-2023:

- |    |     |             |     |
|----|-----|-------------|-----|
| 1. | XXX | pers. vara: | XXX |
| 2. | XXX | pers. vara  | XXX |

### Vedlegg i saka:

03.05.2012 VEDTEKTER FOR SOLUND FRIVILLIGSENTRAL

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

K-sak 035/05 Vedtekter for Solund frivilligsentral

### Kva saka gjeld:

Val av 2 medlemmer med personlege vara til styret i frivilligsentralen.

### Saksutgreiing:

I vedtektene står det:

«Styret består av fem personar med personleg vararepresentantar:

- Eigaren – Solund kommune – er representert med to politisk valde for den politiske valperioden»

Styret har 5 medlemmer, og kommunestyret skal velje 2.

Sist valde ein:

1. Bjørn Magne Hansen
2. Anne Kristine Dyrdal

pers. vara:  
pers. vara

Vigdis Ravnøy  
Svein Jardar Utvær

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde  
Solund frivilligsentral

# Vedtekter for Solund Frivilligsentral

*Vedtekne av Solund kommunestyre 27.09.05,  
sist endra av Solund formannskap 10.05.11*

## Skipping

Frivilligsentralen vart formelt skipa 27. september 2005 med statleg stønad frå Kulturdepartementet. Sentralen er underlagt Kulturdepartementet sitt regelverk. Solund kommune er eigar av frivilligsentralen og har ansvaret for drifta og forvaltar stønaden frå Kulturdepartementet.

## Føremål

- Å vere kontaktpunkt og bindeledd mellom dei som ynskjer å yte og dei som ynskjer å motta ein ubetalt innsats i lokalmiljøet
- Å styrkje og ta vare på den einskilde og grupperingar sitt nettverk og kontaktar ved å auke frivillig engasjement i nærmiljøet og lokalsamfunnet.
- Å vere ein brubyggjar og koordinere frivillig innsats i utstrekt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kyrkja, skulane i kommunen og næringslivet
- Å vere eit tillegg til offentleg verksemd og ikkje formidle betalte tenester

## Lokalisering:

Frivilligsentralen vil fremje møtestadar og aktivitet i heile kommunen. Administrasjonen er samlokalisert med Solund folkebibliotek på Hardbakke.

## Organisering:

### Styret:

Styret står for hovudmål og ideologi og har ansvaret for

- Drift av frivilligsentralen etter gjeldande vedtekter og godkjende retningslinjer
- Utarbeide budsjett og halde rekneskapskontroll
- Gjeldande rapportar
- Årsrapport og rekneskap i tråd med retningslinjer
- Fremje søknad til Kulturdepartementet innan tidsfrist i tråd med retningslinjene

Styret består av fem personar med personleg vararepresentantar:

- Eigaren – Solund kommune – er representert med to politisk valde for den politiske valperioden
- Administrasjonssjefen oppnemner éin representant for to år om gongen
- To frå det årlege kontaktmøtet er valde for to år om gongen

For å sikre kontinuitet i styret, sit avtroppande styreleiar til ny er vald. Difor bør òg rulleringane av øvrige styremedlemar skje på ulike år. Dette gjeld ikkje for politisk valde representantar.

### **Finansiering:**

Staten ved Kulturdepartementet yter 60% tilskot til løn dagleg leiar, etter årleg søknad. Solund kommune/lokale midlar dekker dei resterande utgifter til frivilligsentralen. Midlane frå staten skal gå til å dekke lønsutgifter inkludert sosiale utgifter for dagleg leiar. Vert ikkje midlane nytta i inneverande år, skal dei overførast til neste år mot tilsvarande frådrag i neste års tildeling.

Dersom sentralen vert lagt ned eller opphøyrer skal restmidlar tilbakeførast staten.

### **Dagleg leiar:**

Det er tilsett dagleg leiar i 100% stilling.

Solund kommune har arbeidsgjevaransvar. Styret utarbeider stillingsomtale og tilset dagleg leiar. Dagleg leiar har medarbeidersamtale med overordna leiar og styreleiar.

Det skal haldast minst 4 styremøter årleg. Dagleg leiar er sekretær for styret.

### **Kontaktmøte:**

Det skal kvart år før årsmøte haldast eitt ope kontaktmøte med frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og andre interesserte i regi av Frivilligsentralen. Møtet skal ta opp idéar og meiningar som til ei kvar tid er aktuelle og vere ein myldre plass på tvers av grenser i lokalmiljøet. Møtet skal partalsår velje to representantar med vararepresentantar til styret.

### **Årsmøte:**

Formannskapet utgjer årsmøtet og er Frivilligsentralen sitt øvste organ. Møtet skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år og kunngjerast 14 dagar på førehand med sakliste. Styret har tale- og framleggsrett. Årsmøtet er ope for andre med talerett.

Saker som skal handsamast er:

- Godkjenning av rekneskapen
- Årsrapport
- Årsplan
- Val av leiar for eitt år om gongen
- Andre saker: T.d. vedtektsendringar

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom Formannskapet eller styret krev det.

Frivilligsentralane har konsesjon frå Datatilsynet av 16.03.92 til å opprette klient og hjelperegister.



Arkiv: K1-033, K3-&15  
ArkivsakID: 19/625  
JournalpostID: 19/3278  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglén  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 009/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representant og vararepresentant til styret i SEKOM sekretariat perioden 2019-2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX som Solund kommune sin representant i representantskapet til SEKOM-sekretariatet for perioden 2019-2023.

XXX vert vald til vararepresentant.

XXX vert fremma som kandidat til styret til SEKOM-sekretariatet for perioden 2019-2023.

#### Vedlegg i saka:

18.11.2019 Samarbeidsavtale for SEKOM sekretariat

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova §§ 19-3 og 23-7  
Samarbeidsavtale for SEKOM-sekretariat

#### Kva saka gjeld:

Val av medlem og vararmedlem til representantskapet til SEKOM, og val av kandidat til styret i SEKOM.

#### Saksutgreiing:

Utdrag frå samarbeidsavtalen for SEKOM

##### **Representantskap (pkt 6)**

*Representantskapet er eigarorgan og selskapet sitt øvste mynde.  
Representantskapet består av 9 representantar. Kvar deltakarkommune har 1 representant. Representantane har 1 stemme kvar.*

##### **Styret (pkt 8)**

*Styret er selskapsorgan og består av 5 medlemmar og 5 varamedlemar i nummerert rekkefølge. Styremedlemar, varamedlemar, styreleiar og nestleiar vert valde av representantskapet for 2 år.*

*Medlem eller varamedlem av representantskapet og dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.*

Tidligere vart det valde representant og vararepresentat til styret i SEKOM. Frå 1. januar 2020 blir SEKOM eit kommunalt oppgåvefellesskap og det skal derfor veljast 1 medlem med vara til representantskapet. Ein kan også fremme kandidat til styre. Kandidaten til styre kan ikkje være medlem eller varamedlem i representantskapet.

Sist valde ein Arne L. Osland som representant til styret, med Edel F. Bontveit som vara.

### **Vurdering:**

### **Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde  
SEKOM-sekretariat

# **Samarbeidsavtale**

**for**

# **SEKOM sekretariat**

**kommunale oppgåvefellesskap**

Vedteken av alle eigarkommunane 2019

| <b>Kommune</b> | <b>Vedtaksorgan</b> | <b>Vedtak nr</b> | <b>Vedtak dato</b> |
|----------------|---------------------|------------------|--------------------|
| Askvoll        | Kommunestyret       | 41/19            | 18.9.19            |
| Bremanger      | Kommunestyret       | 55/19            | 19.9.19            |
| Fjaler         | Kommunestyret       | 91/19            | 16.8.19            |
| Gloppen        | Kommunestyret       | 55/19            | 28.8.19            |
| Gulen          | Kommunestyret       | 68/19            | 5.9.19             |
| Hyllestad      | Kommunestyret       | 59/19            | 5.9.19             |
| Solund         | Kommunestyret       | 44/19            | 17.10.19           |
| Stryn          | Kommunestyret       | 99/19            | 22.10.19           |
| Sunnfjord      | Fellesnemnda        | 46/19            | 18.9.19            |

## 1. Namn

Namnet på selskapet er SEKOM sekretariat kommunale oppgåvefellesskap.

## 2. Heimel

Frå og med 1.1.2020 er SEKOM sekretariat organisert som kommunalt oppgåvefellesskap med heimel i kapittel 19 i ny kommunelov. Selskapet vart oppretta med heimel i kommunelova § 27.

Oppgåvefellesskapet er eige rettssubjekt.

## 3. Deltakarkommunar

Følgjande kommunar er med i det kommunale oppgåvefellesskapet: Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Sunnfjord, Stryn.

## 4. Føremål og oppgåver

SEKOM er oppretta for å utføre sekretariattjenester for kontrollutvala i eigarkommunane. Selskapet skal syte for at kontrollutvala får naudsynt bistand til å utføre kontrollutvalsoppgåvene.

Selskapet kan ta på seg andre oppdrag så lenge lovverket ikkje er til hinder for dette.

## 5. Fordelingsnøkkel

Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå kommunane. Deltakarane betalar eit årleg honorar som vert berekna slik:

- 25% lik del for kvar kommune
- 25% ut frå registrert tidsbruk
- 50% ut frå folketal ved inngangen til året.

Reiser vert ført som fellestid og påverkar ikkje fordelinga mellom kommunane.

Honoraret vert betalt på forskot kvartalsvis ut frå budsjett. Honoraret vert avrekna ved avslutning av årsrekneskapen.

Kvar kommune sin eigardel og ansvarsdel følgjer same fordeling som årleg honorar.

Selskapet har ikkje høve til å ta opp lån.

Kommunale budsjett- og rekneskapsreglar gjeld for selskapet.

## 6. Representantskap

Representantskapet er eigarorgan og selskapet sitt øvste mynde.

Representantskapet består av 9 representantar. Kvar deltakarkommune har 1 representant. Representantane har 1 stemme kvar.

Møtande representant kan stille med skriftleg fullmakt for dermed også å representere deltakarkommune som ikkje kan delta i møtet.

Representantane med personlege vararepresentantar vert valde av kvart kommunestyre / bystyre. Valet gjeld for kommunevalperioden.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Styremedlemar og dagleg leiar kan ikkje vere medlem av representantskapet.

## 7. Representantskapet sine oppgåver

Leiaren i representantskapet kallar inn til møte seinast 14 dagar før møtedato. Innkallinga skal innehalde sakliste. Det skal førast møtebok frå representantskapet sine møte.

Ekstraordinært representantskapsmøte ert kalla inn med 14 dagars varsel når anten leiar i representantskap, 2 styremedlemar eller meir enn 1 / 3 av medlemane ber om det.

Leiaren i representantskapet leiar møta. Dersom leiar har forfall, eller er ugild i ei sak, vert møtet leia av nestleiar. Dersom verken leiar eller nestleiar kan leie møtet, vel representantskapet møteleiar med vanleg fleirtal.

Representantskapet er vedtaksført når minst halvparten av stemmene er representert i møtet inkludert eventuelle skriftlege fullmakter.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal tel leiaren si stemme dobbelt ved endeleg røysting. Ved val skjer endeleg avgjer i tilfelle ved loddtrekning.

Saker som skal handsamast i representantskapet:

- Val av leiar og nesteleiar i representantskapet
- Val av styre
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Årsrekneskap og årsmelding etter framlegg frå styret
- Reglement for godtgjersle til representantskap og styre

Innkalling og møtebok sendast representantskapet sine medlemar og varamedlemar i tillegg til styremedlemane og eigarkommunane.

## 8. Styret

Styret er selskapsorgan og består av 5 medlemar og 5 varamedlemar i nummerert rekkefølge. Styremedlemar, varamedlemar, styreleiar og nestleiar vert valde av representantskapet for 2 år.

Medlem eller varamedlem av representantskapet og dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

Styret ivaretek selskapet og deltakarkommunane på beste mogeleg måte. Vedteken samarbeidsavtale og kommunelova med forskrifter ligg til grunn.

## 9. Styret sine oppgåver

Styreleiar kallar inn til møte seinast 7 dagar før møtedato. Innkallinga skal innehalde sakliste. Det skal førast møtebok frå styret sine møte.

Styreleiar leiar møta. Dersom leiar har forfall, eller er ugild i ei sak, vert møte leia av nestleiar. Dersom verken leiar eller nestleiar kan leie møtet, vel styret møteleiar med vanleg fleirtal.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemar inkludert vara er til stades.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal tel leiaren si stemme dobbelt ved endeleg røysting.

Saker som skal handsamast i styret:

- Tilsetjing og oppseiing av tilsette i selskapet
- Løns- og arbeidsvilkår for tilsette
- Budsjett for selskapet som sendast deltakarkommunane innan 1.11. året før budsjettåret
- Eventuell arbeidsplan eller tilsvarande styringsdokument
- Framlegg til representantskapet om rekneskap og årsmelding
- Økonomireglement
- Vedtak om kontorstad
- Eventuell instruks eller tilsvarande for dagleg leiar

Innkalling og møtebok sendast styret sine medlemar og varamedlemar i tillegg til representantskapsmedlemene og eigarkommunane.

## 10. Dagleg leiar

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av det kommunale oppgåvefellesskapet. Dagleg leiar utfører oppgåvene i samsvar med lover, forskrifter og reglar og i samsvar med vedtak i representantskap og styre.

Styret tilset dagleg leiar.

## 11. Dagleg leiar sine oppgåver

Dagleg leiar har personal- og økonomiansvar for selskapet utifrå vedtak i representantskap og styre.

Dagleg leiar er sakshandsamar for representantskap og styre med ansvar for at vedtak vert sett i verk.

Dagleg leiar har møte-, tale-, og forslagsrett i representantskapet og styret sine møte. Dagleg leiar har ansvar for at det vert ført møtebok for representantskap og styre.

Dagleg leiar tilviser verksemda sine utgifter. Dersom dagleg leiar er ugild for tilvising, tilviser styreleiar. Dersom heller ikkje styreleiar kan tilvise, tilviser nestleiar.

## **12. Rapportering til eigarane**

Budsjett, årsmelding og rekneskap vert sendt til eigarkommunane. Eigarkommunane får også kopi av innkalling og møtebok for representantskap og styre.

## **13. Nye deltakarar**

Styret kan tilrå opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet. Ved opptak av nye deltakarkommunar skal samarbeidsavtala justerast i tråd med endringa.

## **14. Utmelding**

Ved etableringa av oppgåvefellesskapet har samarbeidet ei råde på 4 år. Etter den innleiande bindingsperioden kan utmelding skje med eit års varsel. Utmelding skal vere skriftleg og byggje på vedtak i vedkomande kommunestyre eller bystyre og elles vere i tråd med gjeldande reglar i kommunelova.

Ved endring av eigarstrukturen vert det utrekna pensjonsforplikting på opphøyrsgdato. Den som går ut av samarbeidet betalar inn sin del av dei samla pensjonsforpliktingane som eingongsbetaling.

## **15. Oppløysing**

Ved oppløysing har deltakarkommunane rett til å få utbetalt sin forholdsmessige del av eventuelle verdiar etter at dei har dekkja sin forholdsmessige del av forpliktingar.

Kontorkommunen på oppløysingstidspunktet overtek og tek vare på arkivet for oppgåvefellesskapet.

## **16. Offentleg innsyn**

Offentleglova gjeld for oppgåvefellesskapet si verksemd og dei styrande organa i samarbeidet. Møteplan og saksdokument til styrande organ skal vere lett tilgjengeleg for allment innsyn.

## **17. Verknadstidspunkt**

Denne samarbeidsavtala gjeld frå og med 1.1.2020.

## **18. Endring av samarbeidsavtala**

Kommunestyret sjølv i alle deltakarkommunane gjer vedtak så langt det går fram av kommunelova sine minstereglar om innhald i samarbeidsavtale for oppgåvefellesskap.

Representantskapet vedtek sjølv endringar i andre forhold. Slike endringar vert vedteke med minst 2/3 av stemmene.



Arkiv: K1-033, K3-&15  
ArkivsakID: 19/626  
JournalpostID: 19/3279  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 010/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representantar og vararepresentant sakkunnig Takstnemnd eigedomsskattesaker perioden 2019-2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse som sakkunnig takstnemnd for eigedomsskattesaker i Solund kommune for perioden 2019-2023:

1. XXX
2. XXX
3. XXX

Vararepresentant:  
XXX

Leiar:  
Nestleiar:

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Eigedomsskattelova  
K-sak 080/12 Eigedomsskatt Solund kommune  
K-sak 024/13 Val av klagenemnd for eigedomsskattesaker

#### Kva saka gjeld:

Oppnemning av sakkunnig takstnemnd for perioden 2019-2023.

#### Saksutgreiing:

#### Utdrag frå saksutgreiinga i ksak 024/13:

#### Oppnemning av sakkunnig takstnemnd:

*I lht. pkt. 3 i k-vedtaket, vart formannskapet gjeve fullmakt til å oppnemne ei*

sakkunnig takstnemnd (jf. eskl § 8 A-3, 3. ledd).

*Som det gjekk fram av saksutgreiinga og framlegg til vedtak i k-sak 080/12, så kunne ikkje formannskapsmedlemer og vararepresentantar til formannskapet, sjølv vera medlemer i denne nemnda. Dette fordi eit formannskap også sjølv har høve til å krevje Overtakst på nemnda sine vedtak (jf. eskl § 8 A-3, 3. og 4. ledd).*

*Det vert presisert at Finansdepartementet nyleg har kome med ein uttale, datert 14/12 2012, der det vert gjeve høve til at vararepresentantar likevel kan vera medlemer av denne nemnda (jf. eskl. § 21).*

*Det er ingen kompetansekrav, knytt til det å vera medlem i desse nemndene og k-styret står fritt til å opnemne medlemer her som i alle andre politiske nemnder.*

*Sjølv om det i eigedomsskattearbeidet er «sunt bondevett» som skal vera rettesnora, så er det grunna innhaldet i den sakkunnige takstnemnda sitt arbeid, likevel nyttig om nemnda innehar ein viss økonomisk og bygningsmessig kompetanse, særleg i innføringsfasen av prosessen.*

Sist valde ein:  
Sigurd Kråkås  
Ingunn Sanden  
Hallstein Steinsund

Vararepresentant:  
Thomas Frøyen

Leiar:                      Sigurd Kråkås  
Nestleiar:                Ingunn Sanden

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**  
Dei valde



Arkiv: K1-033, K3-&15  
ArkivsakID: 19/627  
JournalpostID: 19/3280  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 011/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representantar og vararepresentant Klagenemnd eigedomsskattesaker perioden 2019-2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse som klagenemnd for eigedomsskattesaker i Solund kommune i perioden 2019-2023:

1. XXX
2. XXX
3. XXX

Vararepresentant:

1. XXX

Leiar: XXX  
Nestleiar: XXX

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Eigedomsskattelova

K-sak 020/14 Val av klagenemnd for eigedomsskattesaker

#### Kva saka gjeld:

Val av ei klagenemnd for eigedomsskattesaker perioden 2019-2023.

#### Saksutgreiing:

##### Utdrag frå saksutgreiinga i ksak 020/14:

##### **Oppnemning av klagenemnd:**

*Formannskapsmedlemer og vararepresentantar til formannskapet, kan i utgangspunktet ikkje vera medlemer i denne klagenemnda. Dette fordi eit*

formannskap også sjølv har høve til å krevje Overtakst på nemnda sine vedtak (jf. eskl § 8A-3, 3. og 4. ledd).

Men det vert her presisert at Finansdepartementet har kome med ein uttale, datert 14/12 2012, der det vert gjeve høve til at vararepresentantar likevel kan vera medlemer av denne nemnda (jf. eskl. § 21).

Det er også høve til å legge oppgåvene til ei anna nemnd som allereie er oppnemnd.

**Ikkje kompetansekrav:**

Det er ingen kompetansekrav, knytt til det å vera medlem i desse nemndene og k-styret står fritt til å oppnemne medlemer her som i alle andre politiske nemnder.

Sjølv om det i eigedomsskattearbeidet er «sunt bondevett» som skal vera rettesnora, så kan det grunna innhaldet i den sakkunnige takstnemnda sitt arbeid, likevel vera nyttig om nemnda innehar ein viss kompetanse om korleis kommunen er skrudd saman både geografisk, topografisk og eigedomsmessig.

Kunnskap omkring marknadsmessige faktorar, kan også koma til nytte.  
Det vil verta gjennomført intern opplæring av nemndsmedlemene

**Litt om arbeidsoppgåver:**

Måten takstar vert fastsett, er mykje styrt av Matrikkelen (det sentrale eigedsregisteret). Og takstnivået vert styrt av nemnda sine vedtekne takseringsprinsipp.

Ved klage vil den sakkunnige nemnda kontrollere sjølv, om Matrikkeldata er korrekt, og om det er gjort openberre feil ved takseringa.

Skatteetaten får oversendt alle klager som vedkjem takstnivået knytt til fastsette formuesgrunnlag.

Ei klagenemnd skal kontrollere at vedtak og takstprinsipp har vorte etterlevd, og om taksten for den einskilde eigedomen synast å vera på eit rett og rettvist nivå.

Det er vanleg å stille krav om dokumentasjon i form av alternativ takst eller samanstillingar med faktiske salssummar for eigdomar i område, før ein klage vert tatt stilling til.

Sist valde kommunestyret:

Anne Kari Reigstad  
Hans Gåsvær  
Øystein Espeland

Vararepresentant:

Rolv Bjørgo

Leiar: Anne Kari Reigstad  
Nestleiar: Hans Gåsvær

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**  
Dei valde



Arkiv: K1-033  
ArkivsakID: 19/635  
JournalpostID: 19/3321  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglén  
Dato: 18.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 012/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representant og vararepresentant til Oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar perioden 2019 - 2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX som representant til oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar. XXX vert vald til vararepresentant.

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Konfliktrådsloven

#### Kva saka gjeld:

Val av representant og vararepresentant til oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar.

#### Saksutgreiing:

##### Konfliktrådsloven § 4, 2. ledd

*Meklere oppnevnes av et oppnevningssutvalg som består av én representant utpekt av kommunestyret eller kommunestyrene, én representant fra politiet og konfliktrådslederen. På Svalbard oppnevnes konfliktrådsmeklere av én representant utpekt av Longyearbyen lokalstyre, én representant fra Sysselmannen på Svalbard og konfliktrådslederen i Troms.*

Kommunestyret valde i ksak 086/15 ordførar Gunn Åmdal Mongstad som kommunal representant til oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar for perioden 2015-2019, med varaordførar Tom Færøy som vararepresentant.

#### Vurdering:

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**



Arkiv: K1-033  
ArkivsakID: 19/637  
JournalpostID: 19/3323  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 18.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 013/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av fullmektigar forliksråd perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel desse 3 som møtefullmektigar til Solund forliksråd for perioden 2019-2023:

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Tvisteloven § 6-7

Forliksrådsforskriften § 3

### Kva saka gjeld:

Val av 3 som møtefullmektigar til Solund forliksråd for perioden 2019-2023.

### Saksutgreiing:

#### Forliksrådsforskriften § 3, 1. og 2. ledd

*Ved hvert forliksråd skal det være et utvalg av faste møtefullmektiger for forliksrådet. Medlemmene av utvalget oppnevnes av kommunen for inntil fire år av gangen. Antall medlemmer i utvalget må tilpasses saksmengden i forliksrådet og kommunens innbyggertall. Som et minimum skal det være 3 medlemmer i utvalget. I kommuner med mer enn 25.000 innbyggere skal det være minst 5 medlemmer i utvalget. Kommuner med mer enn 50.000 innbyggere skal ha et utvalg med minst 7 medlemmer, og i kommuner med mer enn 90.000 innbyggere skal utvalget ha minst 10 medlemmer.*

*Som fast møtefullmektig kan oppnevnes enhver person som er over 25 år med alminnelig god samfunnsmessig kunnskap og som godt behersker skriftlig og muntlig norsk språk. Medlemmer i utvalget skal i forbindelse med oppnevningen gjøres kjent med at de i den enkelte sak skal være uavhengig av andre interesser enn partens,*

*slik at deres handlinger ikke påvirkes av uvedkommende hensyn, herunder egne interesser.*

Solund må ha minst 3 møtefullmektigar til forliksrådet.  
Medlemene skal vere over 25 år, beherske skriftleg og munnleg norsk og ha alminneleg god samfunnsmessig kunnskap.

I ksak 016/15 valde kommunestyre:

Otto Einen

Sveinung Kråkås

Anne Marie Gåsvær Færøy

**Vurdering:**

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde



Arkiv: K1-033, K3-&15  
ArkivsakID: 19/624  
JournalpostID: 19/3277  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglén  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 014/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av jurymedlem Solundprisen perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX.  
som kommunen sin representant i juryen for Solundprisen i perioden 2019-2023.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

### Kva saka gjeld:

Val av kommunal representant til juryen for Solundprisen for perioden 2019-2023

### Saksutgreiing:

Solundprisen er oppretta av Solund kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane avdeling Solund og Solund Næringssamskipnad. Juryen er sett saman av ein representant frå kvar av dei tre partane.

I kommunestyre si sak 081/15 vart Øystein Espeland vald som kommunen sin representant for perioden 2015-2019.

### Vurdering:

### Etter endeleg vedtak utskrift til:

Den valde



Arkiv: K1-033, K2-  
X12, K3-&15  
ArkivsakID: 19/630  
JournalpostID: 19/3284  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglen  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 015/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

## Val av representantar Heimevernsnemnd perioden 2019-2023

### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valde til kommunal heimevernsnemnd for perioden 2019-2023:

1. XX
2. XX

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Heimevernsforskriften

### Kva saka gjeld:

Val av 2 representantar til kommunal heimevernsnemnd.

### Saksutgreiing:

#### Heimevernsforskriften § 2, 4. ledd

Heimevernsnemndene oppnevnes av Heimevernet. Politiet skal stille med representantar. Kommunene gis mulighet til å stille med representantar. Heimevernsnemndene kan uttale seg og gi råd om hvem som er skikket til tjeneste i Heimevernet.

I førre periode var dei kommunalt valde representantane Arne L. Osland og Jan Henrik Mattevik.

### Vurdering:

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**  
Dei valde



Arkiv: K1-033, K3-&15  
ArkivsakID: 19/628  
JournalpostID: 19/3281  
Sakshandsamar: Amund  
Fuglebakk  
Aglén  
Dato: 13.11.2019

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval        | Møtedato   |
|---------------|--------------|------------|
| 016/19        | VALNEMND     | 28.11.2019 |
|               | KOMMUNESTYRE |            |

### Val av representantar og vararepresentant til styret i Fjordane friluftsråd perioden 2019-2023

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX  
som medlem i styret til Fjordane friluftsråd for perioden 2019-2023.  
Vararepresentantar i rekkefølje vert:  
XXX  
XXX

#### Vedlegg i saka:

23.04.2019 Vedtekter 1 revidert 10.04.2019

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vedtektene for Fjordane friluftsråd

#### Kva saka gjeld:

Val av styremedlemar til Fjordane friluftsråd

#### Saksutgreiing:

##### Vedtekten § 6

*Styret skal frå ny konstituering av kommunestyre hausten 2019 ha 1 fast medlem frå kvar deltakarkommune og 2 vara. Kommunar med fleire enn 15 000 innbyggjarar skal ha 2 faste styremedlemer og 2 vara. Leiar og nestleiar vert valde mellom medlemene i styret.*

*Styremedlemene, leiaren og nestleiarer er vald for kommunestyreperioden.*

*I styret skal begge kjønn vera representert i samsvar med Kommunelova sine reglar. Valnemnda vert vald mellom dei oppnemnde utsendingane frå deltakarkommunane.*

*Styret skal handsame følgjande:*

*1. Tilsetje dagleg leiar og fastsetje instruks for denne. Kontorstad for dagleg leiar er Solund og Solund kommune har arbeidsgjevaransvaret.*

*2. Definere og prioritere Friluftsrådet sine hovudoppgåver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak .*

*3. Leie Friluftsrådet si løpande verksemd i samsvar med vedtekter og vedteken arbeidsplan .*

*4. Ivareta eit overordna ansvar for økonomistyringa av verksemda , i samsvar med vedteke budsjett.*

Etter val i k sak 007/17 og suppleringsval i k sak 058/17 er Kari Einen og Stig Steinsund valde representantar til styret i Fjordane friluftsråd, med Nils Christian Bjørgo som vararepresentant.

### **Vurdering:**

### **Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Dei valde

Fjordane friluftsråd

## 1. I Årsmøte 10.04.2019 vart Fjordane Friluftsråd sine vedtekter vedteke til å lyde slik:

### § 1 DELTAKARKOMMUNAR

Fjordane Friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter § 27 i Kommunelova mellom Vågsøy, Bremanger, Flora, Askvoll og Solund kommunar. Tilslutnad frå nye deltakarkommunar må godkjennast av friluftsrådet sitt årsmøte og kommunestyret i kvar deltakarkommune.

### § 2 FØREMÅL

Friluftsrådet skal i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege mynde og organisasjonar, fremja allsidig og miljøvenleg friluftsliv i den regionen deltakarkommunane femnar om, til beste for innbyggjarar og tilreisande sin trivnad og helse .

### § 3 ORGANISASJON

Friluftsrådet sine faste organ er årsmøte t, styret og ein administrasjon som står for den daglege drifta. Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådenes Landsforbund .

### § 4 ÅRSMØTE

Årsmøtet er friluftsrådet sitt øvste mynde . Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad. Årsmøtet er samansett av ordførar frå kvar deltakarkommune, vald for kommunestyreperioden . Ved forfall oppnemner kommunen vararepresentant. Årsmøtet har vedtaksrett med dei frammøtte representantane.

Årsmøtet skal innkallast med minst 4 veker skriftleg varsel. Saksliste og saksdokument skal følgje innkallinga. Med unntak av vedtekts endringar , jf. § 9, kan vedtak gjerast med simpelt fleirtal.

Årsmøtet skal handsama :

- 1 . Godkjenning av innkalling, saksliste og utsendingar .
2. Val av ordstyrar og 2 representantar til å underteikne protokollen .
3. Styret si årsmelding .
4. Rekneskap m/revisjonsmeld.
5. Arbeidsplan
6. Budsjett, herunder fastsetje tilskot (kontingent) frå deltakarkommunane.
7. Handsame innkomne saker.
8. Val
  - a) Styre
  - b) Styret sin leiar og nestleiar
  - c) Valnemnd

Det vert gjennomført skriftleg val dersom nokon krev det. Ved likt stemmetal vert valet avgjort ved loddtrekning.

### § 5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte vert halde etter innkalling frå styret eller når årsmøteutsendingar fra 2 eller fleire deltakarkommunar krev det. Ekstraordinært årsmøte vert innkalla med minst 3 veker varsel, og det skal gå fram av innkallinga kva saker som skal handsamast. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame saker som er nemnt i innkallinga . Ekstraordinært årsmøte har vedtaksrett med dei frammøtte representantane. For vedtak gjeld dei same reglar som for eit Årsmøte .

### § 6 STYRE

Styret skal frå ny konstituering av kommunestyre hausten 2019 ha 1 fast medlem frå kvar deltakarkommune og 2 vara. Kommunar med fleire enn 15 000 innbyggjarar skal ha 2 faste styremedlemer og 2 vara. Leiar og nestleiar vert valde mellom medlemene i styret. Styremedlemene, leiaren og nestleiaren er vald for kommunestyreperioden.

